# Meland kommune

Tysseland Arkitektur AS
Strandgaten 19
5013 BERGEN

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | 01.08.2018 |
| Dykkar: | Tore Johan Erstad | |
| Vår: 18/1857 - 18/16141 | tore.johan.erstad@meland.kommune.no | |

## GBNR 23/567, Elvaåsen - BK14 - Søknad om oppføring av rekkehus - Trong for tilleggsopplysningar

Viser til ditt søknad om ovannemnde journalført motteke 09.07.2018.

Søknaden gjeld oppføring av 3-mannsbustad på delfelt BK14. Før kommunen kan behandle søknaden er det trong for tilleggsopplysningar.

Forsvarleg inn- og utkøyring til hus nr 23:

Gjeldande reguleringsplankart: Innsendt situasjonsplan.







For hus 23 er det gjennom situasjonsplanen vanskeleg å sjå korleis bustaden er sikra tenleg og forsvarleg inn- og utkøyring. Det synast ikkje å vere høve til å snu parkert bil korkje på eigen grunn eller i felles køyreveg KV13, noko som i så fall inneber ei trafikkfare ved rygging forbi utkøyrsel/inngangsparti for hus 24 og 25.

Administrasjonen ber om dokumentasjon for korleis omsøkt løysing er meint å fungere på forsvarleg måte, jf pbl § 28-7, 2. ledd, alternativt at det blir vist ny og betre løysing. Saka ligg i ventearkiv inntil vi har motteke dette.

Særskilt om støttemurar:

Det er ikkje vist støttemurar på innsendt situasjonskart i tilknyting til oppføring av rekkehuset. Dersom det under bygging viser seg naudsynt å oppføre støttemurar som ein del av tiltaket må det sendast inn endringssøknad med situasjonsplan som viser plassering og høgde av eventuelle støttemurar. Dette må gjerast før arbeida tek til, jf reguleringsføresegna § 2.2 og § 2.5 om utforming av murar.

Dersom du har spørsmål i saka kontakt Juridisk rådgjevar  Tore Johan Erstad.

Med helsing

Tore Johan Erstad
Juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Tysseland Arkitektur AS | Strandgaten 19 | 5013 | BERGEN |